

NotatDato: 02.10.2018
Arkivsak: 2018/14539-1
Saksbehandlar: birhau

Til: Utval for opplæring og helse

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål vedk. HFK sitt delegasjonsreglement

Fylkesrådmannen viser til møte i Utval for opplæring og helse 5. september 2018, der Tor André Ljosland stilte følgjande spørsmål:

Delegasjonsreglementet til HFK sier følgende: **34. Lov om private skular med rett til statstilskot (privatskolelova) av 04.07.2003 nr. 84.** § 2-1, første ledd:

Utval for opplæring og helse har fullmakt til å gje fråsegn om å godkjenna vidaregåande skular og at ein skule flyttar verksemda si til ein annan fylkeskommune før departementet gjer vedtak. Utval for opplæring og helse har fullmakt til å klaga på departementet sitt vedtak.

Spørsmål:

Hva er bakgrunnen for at søknad om godkjenning likevel sendes vidare til fylkesutvalget?»

Hordaland er det fylket med flest elevplassar i private skular både som del av totalt tilbod og faktisk tal elevplassar. Oppretting av nye private skular eller utviding av elevplasstalet ved eksisterande private skular kan få mykje å seie for skulestrukturen i Hordaland. Gjennom vedtaka i skulebruksplanen (SBP) er det sett i verk tiltak for å redusere overkapasiteten i den vidaregåande skulestrukturen i Hordaland. Vidare er det i SBP forankra store investeringar i den skulestrukturen. SBP legg til grunn at talet på elevplassar i private skular er uendra i planperioden. Nye elevplassar i private skular kan føre til behov for nedlegging av offentlege skuleplassar eller behov for å sjå på investeringane på nytt.

Fleire elevplassar i private skular kan også få stor verknad for rammeoverføringa til fylkeskommunen frå staten.

Fylkesrådmannen har på bakgrunn av dei to ovannemnde årsakene vurdert det som korrekt å legge saker om fråsegn vedkommande etablerting av private skular eller utviding av elevplasstalet ved eksisterande private skular fram for handsaming i fylkesutvalet, trass i at delegasjonsreglementet seier at mynde til å gje fråsegn er delegert til utval for opplæring og helse.

Fylkesrådmannen vil i framtida halde seg til delegasjonsreglementet. Dersom dei folkevalde ønskjer at slike saker skal til behandling i fylkesutvalet i framtida må dei enten krevje det som overordna organ eller ta initiativ til endring av delegasjonsreglementet på dette punkt.